



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2

Fylkeshuset, Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Telefon: 57 65 61 00

Telefaks: 57 65 61 01

E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no

Hjemmeside: http://www.sfj.no

Kulturmidler - søknad

Søknadstype

Kulturmidler fordeles årlig som driftstilskudd til lag, kulturorganisasjoner og til ulike kulturaktiviteter.

Grunnstønad:

- kan søkes av organisasjoner og lag med kulturell aktivitet som hovedformål. Organisasjonene må dekke hele fylket eller en region (minst 3 kommuner).

Enkelttiltak/aktivitet(er)/prosjekt:

- kan søkes av alle som driver med kulturelle aktiviteter som har allmenn interesse, som har innvirkning på hele eller større deler av fylket, eller tiltak som viser nye veier i kulturarbeidet.

Kulturstipend:

- kan søkes innenfor alle deler av det kulturpolitiske arbeidsområdet. Stipendmidlene skal brukes til å gjennomføre spesielle kulturarbeidsoppgaver.

Hva slags kulturmidler søkeres det om?

- Grunnstønad
 Enkelttiltak/aktivitet(er)/prosjekt
 Kulturstipend

Opplysninger om søker

Søker er

- Person, enkelpersonforetak
 Organisasjon, lag eller forening

Org.nr. 898904512	Navn GAMLEBANKEN SPELEMANNSLAG
----------------------	-----------------------------------

Adresse c/o Oda Heidi Bolstad	Postnr. 6868	Poststed GAUPNE
----------------------------------	-----------------	--------------------

E-postadresse - kontaktperson gamlabanken@gmail.com	Telefon 41550223
--	---------------------

Kontaktperson:

Kontaktperson - etternavn Bjørset	Kontaktperson - fornavn Synnøve S.	Telefon 90852334
--------------------------------------	---------------------------------------	---------------------

Leder:

Leder - etternavn Bolstad	Leder - fornavn Oda	Leder - telefon 41550223
------------------------------	------------------------	-----------------------------

Mottaker av tilskuddet

Kontonummer 3705 08 43883

Er mottaker av tilskuddet den samme som søker?

- Ja
 Nei

Enkelttiltak/aktivitet(er)/prosjekt

Beskrivelse av tiltaket/prosjektet

LANDSFESTIVALEN i gammaldansmusikk, Gaupne 3.-7. august 2016

Landsfestivalen i gammaldansmusikk feirar 30-årsjubileum i 2016, og går i jubileumsåret av stabelen i Gaupne 3.-7. august. Vertskap for jubileumsfestivalen er Jostedal spel- og dansarlag og Gamlebanken spelemannslag, to frivillige organisasjonar med medlemmer frå Sunnfjord og Sogn.

Den første Landsfestivalen vart arrangert i Førde i 1986, og har sidan vore arrangert 4 gongar i Sogn og Fjordane: Stryn (1993), Nordfjordeid (2000), Førde (2002) Nordfjordeid (2010). Det er FolkOrg som eig arrangementet.

Landsfestivalen er arrangement som rekrutterer deltagarar og publikum frå heile landet. Heilt sentralt står tevlingar i musikk og dans innan gammaldanssjangeren, og Landsfestivalen har status som norgesmeisterskap i gammaldans.

For å tevla må deltagarane vere medlem i FolkOrg, og elles følgje det på førehand fastsette tevlingsreglementet. Utover dette er det ingen avgrensingar knytt til nivå og førehandskvalifisering for deltagarane, og tevlingane er såleis i praksis opne for alle. I tillegg til å vere ein konkurranse, er Landsfestivalen difor også ei mørstring der det blir teikna eit større bilet av det store mangfaldet vi har av gammaldanstradisjonar i landet.

Landsfestivalen har også eit kulturprogram med skreddarsydde produksjonar for ulike målgrupper.

- Born/familiar har eit eige tilbod i "Bornas festivallaurdag", der det vil mogleg for denne målgruppa å både oppleve og delta i kulturaktivitetar knytt til musikk og dans.

- "Sognakvelden" (opningskonserten) set sjølje på den rike folkemusikk- og gammaldanstradisjonen i regionen, og publikum vil også få høve til bli kjende med lokale mattradisjonar.

- "Jubileumskonserten" skal kaste skråblikk og tilbakeblikk på ei 30 år lang historie der dei musikalske høgdepunkta har stått i kø. Her vil publikum få møte musikarar frå heile landet, og konserten blir leia av ein profilert humorist frå Sogn.

Tevlings- og kulturprogram er omtala i vedlagde faldar. Vi ber om forståing for at vi grunna nyhende- og aktualitetsverdi ikkje kan gå ut med namn på artistar og konsertvertar pr. i dag.

Landsfestivalen baserer seg på frivilligheit, og arrangementet blir planlagt og avvikla på dugnad. Festivalnemnda og kjernen i dugnadsapparatet kjem alle frå folkemusikk- og gammaldansmiljøet i fylket, men i samband med avviklinga vil heile store delar av det frivillige feltet i regionen vere i sving. Totalt vil det bli lagt ned mange tusen dugnadstimar både før, under og etter arrangementet.

Landsfestivalen er såleis eit arrangement som er med på å realisere fylkeskommunen sine mål og prioriteringar slik dei kjem til uttrykk mellom anna i kulturstrategien; Satstingar på frivillig sektor, kulturarv, kunst og kultur der born/unge og den kulturelle grunnmuren er framheva som gjennomgåande perspektiv.

Landsfestivalen sin økonomi baserer seg på inntekter knytt til deltaravgift, billettsal og matsal. Samstundes er økonomien avhengig av bidrag frå det offentlege og private aktørar. Luster kommune er ein viktig samarbeidspart, og har gått inn som støttespelar både økonomisk og med omsyn til bruk av bygningar og kommunal eigedom.

Eit evt. overskott vil gå inn i dei frivillige organisasjonane, slik at desse i neste omgang får gode råmer til å halde fram rekrutterings- og formidlingsaktivitetar for sine medlemmer og andre interesserte.

Luster kommune har så langt løyvd 15 000 til forprosjektet, og 110 000 til hovudprosjektet. Formannskapet skal handtere søknad om stønad på møte 21.01.16, og vi vil kome med oppdaterte tal så snart vedtak er fatta.

Det er søkt støtte til konsertproduksjonane i kulturprogrammet, men svar på desse er venta først på vårparten.

Vertslaga har nemnd opp ei eiga festivalnemnd som er ansvarleg for planlegging og gjennomføring av Landsfestivalen:

Synnøve S. Bjørset - festivalleiar
 Ingrid Heieren - info/marknad
 Oda Bolstad - tevling/program
 Åslaug Timenes Bell - økonomi/festivalkontor
 Asbjørn Røneid - innkvartering
 Hans Erik Lingjerd - arena/teknisk
 Arve B. Røneid - mat/drikke

Festivalnemnda får ikkje økonomisk godtgjersle for arbeidet dei legg ned.

Sjå elles vedlegg for utfyllande informasjon, og ta gjerne kontakt om de har spørsmål.
 Vi håper fylkeskommunen vil vere med oss på laget!

Kostnader

Spesifikasjon av kostnader	kr
Sjå vedlegg (ikkje mange nok felt her)	2 690 000
	Kostnader sum
	2 690 000

Finansieringsplan

Finansiering	Kr
Egne midler	Egne midler
Kommunalt tilskudd	Kommunalt tilskudd 315 000
Statstilskudd	Statstilskudd 0
Fylkeskommunalt tilskudd	Fylkeskommunalt tilskudd 125 000
Andre tilskudd Salsinntekter og deltakaravgift	Andre tilskudd 2 000 000
Andre tilskudd Sponsormidlar / stønadsordningar	Andre tilskudd 250 000
Sum inntekter:	Beløp 2 690 000
Søknadssum *	Søknadssum 125 000

Vedleggsoversikt - Enkeltaktiviteter

Vedlegg som skal følge søknaden

Budsjett og finansieringsplan for tiltaket

Vedlegg

Beskriv Budsjett LF2016	Last opp vedlegg Budsjett_LF2016.pdf	Ettersendes per post
Beskriv Korte fakta LF2016	Last opp vedlegg Korte fakta_LF2016.pdf	Ettersendes per post

Kulturmider - søknad

Beskriv Program LF2016	Last opp vedlegg 160115 Program LF2016 .pdf	Ettersendes per post
Beskriv Faldar	Last opp vedlegg Faldar LF2016.pdf	Ettersendes per post
Beskriv	Last opp vedlegg	Ettersendes per post